

Årsrapport 2024



Jubileumssegel med m/s Atløy under markeringa av Seljumannamesse 1000 år
(foto: Tonje Ramse Trædal)

Innhald

Innhald.....	1
1. Administrative ressursar.....	2
Regionalt pilegrimssenter Selje.....	2
Nøkkelstadene	3
Nøkkelstadgrupper	3
Pilegrimsfellesskap og frivillige.....	4
Ressursgruppa for RPS Selje.....	5

2. Aktivitet på nøkkelstadene	5
Gulatinget	6
Hyllestad.....	6
Svanøy	8
Kinn kyrkje.....	8
Selja kloster	9
Seljumannamesse 1000 år, jubileumsseglass og verdisamtalar	10
Kystpilegrimskonferansen i Selje og Stad	13
3. Pilegrimssenter i Selje prestegard	14
4. Produktutvikling og næringssamarbeid.....	15
5. Aktivitet regionalt og nasjonalt	17
6. Statistikk.....	18
Besøk på overnattingsstader	18
Besøk på regionalt pilegrimssenter Selje	19
Besøk på nøkkelstadene	19
7. Status tiltak i verksemdsplan for 2024	19
8. Økonomirapport 2024	27

1. Administrative ressursar

Regionalt pilegrimssenter Selje

- Regionalt pilegrimssenter Selje er organisert som ei eiga teneste under kultureininga i Stad kommune. Pilegrimssenteret har pilegrimsmottak i Selje prestegard og kontor i kommunehuset i Selje.
- Dagleg leiar Selje RPS: Tonje Ramse Trædal: 70%.
- Medarbeidar Selje RPS: Belinda Fure: 30%. Slutta 20.11.2024. Vikar: Jardar Bjørke fram til 11.04.2024.
- Innleigd mellombels arbeidskraft Selje RPS: Trude Thorgersen 01.05-14.05 og Daniella Liaris 19.06-31.12.2024.
- Sommarvertar i Selje prestegard 15.06-15.08: Gabriel Frogner, Daniella Liaris, Aleksander Hustad, Ellinor Nerland og Børje Pettersson

Nøkkelstadene

Desse har vore hovudkontaktar for nøkkelstadene:

- **Gulatinget:**
 - Gulen kommune: Tone Ekerhovd: prosjektleiar Gulatinget 2024 fram til 01.11.2024. Anne Hopland dagleg leiar Tusenårsstaden Gulatinget.
- **Hyllestad:**
 - MiSF Hyllestad kvernsteinspark: Alexander Rauboti, dagleg leiar.
 - Gulen kommune og Gulen sokneråd: Audun Systad.
- **Svanøy:**
 - Kinn kommune: Anita Solbakken, kultursjef.
 - Pilegrimsmottak Seglinn Svanøy: Lisa Myklebust.
- **Kinn kyrkje:**
 - Kinn kommune: Anita Solbakken, kultursjef.
 - Kinn kyrkje: Knut Magne Nesse, prost i Sunnfjord.
- **Selja kloster:**
 - Stad kommune: Geir Holmen, kultursjef. Belinda Fure, kulturmedarbeidar.
 - Selja kloster: Tonje Ramse Trædal, fagleiar kulturarv i Stad.

Det har vore gjennomført fem digitale nøkkelstadmøte i 2024. Nøkkelstadkontaktane har også vore inviterte på nasjonal pilegrimskonferanse i Trondheim og kystpilegrimskonferanse i Selje.

Nøkkelstadgrupper

Nøkkelstadgruppene er samarbeidsorgan sett saman av representantar frå nøkkelstaden, kommunen, næringsliv, kyrkje og frivilligheit på kvar nøkkelstad.

- **Nøkkelstadgruppe for Gulen**
 - Tone Ekerhovd (leiar fram til 01.11.24)
 - Ingunn Sognnes
 - Halvor L. Bosvik
 - Anne Grete Hønsi Opdal
 - Anne Hopland
 - Vivian Våge
 - Maria Våge

Nøkkelstadgruppa i Gulen vart utvida med nye medlemmer 18.11.24.

- **Nøkkelstadgruppe for Hyllestad**
 - Alexander A. Rauboti (leiar frå 18.03.24, MiSF)
 - Audun Systad (leiar fram til 18.03.24, Hyllestad sokneråd)
 - Leif Akse (Hyllestad sogelag)

- Anne Berit Garnes (Sogn Hostel)
- Astrid Waage (Hyllestad sokneråd, steinkrossnemnda)
- Frøydis Akse (reiselivsgruppa)
- Jan Olav Gjerde (Hyllestad sokneråd)
- Hildegunn Hatlem (kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett)
- Laila Johannessen (næringskonsulent i Hyllestad) (slutta).

Nøkkkelstadgruppa i Hyllestad har hatt fire møter i 2024: 14.02, 18.03, 06.05 og 10.09. Det er oppretta Facebook-gruppe for internt kommunikasjon og arbeidsgrupper som jobbar med m.a. profilering av nøkkkelstaden med fokus på Kvernsteinsparken/Krossbrotet/Hyllestad gamle kyrkjegard, samt utvikling av leia med egne vandreruter. Fleire reiselivsaktørar er aktive, m.a. "Viking Footprints".

• **Nøkkkelstadgruppe for Kinn og Svanøy**

- Knut Magne Nesse (leiar)
- Signe Nordvik (Flora turlag, DNT-hytta på Kinn)
- Gry Seim (Kinn gjestehus)
- Artur Szalaj (Kinn hotell)
- Øyvind Kleiven (Flora historielag)
- Reidar Brandsberg (Flora historielag)
- Anita Solbakken (kultursjef Kinn kommune)
- Dag Henrik Nygård (kyrkjevevje Kinn kommune)
- Ola Teigen (Stiftinga Svanøy hovedgård)
- Johan Trygve Solheim (Stiftinga Svanøy hovedgård)
- Anders Espeset (Kinn kommune)
- Lisa Myklebust (Seglinn Svanøy)

Nøkkkelstadgruppa for Kinn og Svanøy har hatt eitt møte i 2024.

• **Nøkkkelstadgruppe for Selja kloster**

Nøkkkelstadgruppa for Selja kloster har ikkje vore aktiv i 2024 pga. sjukmelding/vakanse. Selje RPS nedsette ei ad hoc-gruppe med representantar frå kommunen og lag og organisasjonar i samband med jubileumsseglass og feiring av Seljumannamesse 1000 år.

Pilegrimsfellesskap og frivillige

- **Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva** har ansvar for Sunnivaleia mellom Kinn og Selje, og arrangerer årlege vandringar og seglturar her. Årets vandring vart arrangert frå 22.-28.06 og hadde 9 deltakarar. Pilegrimsfellesskapet deltok også aktivt som frivillig hjelpemannskap under jubileumsseglass 5.-8. juli.
- **Kyrkjevertane i Kinn kyrkje** har ansvar for å ta imot pilegrimar og andre besøkande i Kinn kyrkje i løpet av sommarsesongen. Rundt 60 vertar tok imot 3100 besøkande i open kyrkje i perioden 20. Juni og ut august. Ei vertskapsgruppe på rundt

10 frivillige organiserer tilbodet året rundt. Vertsgrappa arrangerte også Keltisk retreat på Kinn i 2024.

- **Steinkrossnemnda i Hyllestad** arbeider med formidling av steinkrossane i/frå Hyllestad, og har gjennom nøkkelstadgrappa mogleggjort markering av «Verdiåret 2024» og 1000-årsjubileum, både ved Kvernsteinsmarknaden (vandring/opa kyrkje), samanfatta infoskriv om steinkrossane og pilotopplegget «Pilegrimsvandring frå kross til kross» i august.
- **Venner av Selja kloster.** Det vart ikkje gjennomført Sunnivafestival i 2024 pga ressursmangel. Venner av Selja kloster har søkt om- og fått innvilga 50 000 kr frå Vestland Fylkeskommune til ei vandreutstilling om Sta. Sunniva og Selja i samarbeid med Selje RPS.
- **Keltisk pilegrimskonferanse i Selje** vart oppretta i 2022. Det vart arrangert konferanse på Fjordly Ungdomssenter 5. juli 2024 i forkant av Seljumannamesse 1000-årsmarkeringa, med rundt 50 deltakarar. Graham Booth frå det keltiske retreatsenteret the Glebe på Shetland var foredragshaldar. RPS Selje deltok.
- **Seljumannamessekomiteen** består av representantar frå sokneråda i Stad, og arrangerer kvart år Seljumannamesse på Selja rundt 8. juli. RPS Selje deltek i komiteen.

Ressursgrappa for RPS Selje

Ressursgrappa for Selje RPS vart i 2024 utvida med representantar frå alle dei fire pilarane kyrkje, kultur, næring og miljø. Mandat for ressursgrappa vart vedtatt i Stad Kommunestyre 02.05.2024. Ressursgrappa skal bidra til regional forankring og hjelp til å realisere måla for RPS Selje.

- Stad kommune (2024-2028): Ole-Mathias Nes, leiar og Judith Kvåle, vara
- Bjørgvin bispedøme: Inger Helene Nordeide
- Vestland fylkeskommune, politisk (2024-2028): Bjørn Magne Hansen og Lisbeth Fredheim Oma, vara
- Vestland fylkeskommune, administrasjon (frå 2024): Birgit Tansøy, kulturarv
- Visit Sunnfjord og Fjordkysten (frå 2024): Marita Solheim og Rutt-Lovise Strand (vara)
- Stad Vekst (frå 2024): Synnøve Aabrekk
- Fjordane Friluftsråd (frå 2024): Lasse Lund
- Pilegrimfelleskapet Sta. Sunniva (frå 2024): Knut Magne Nesse
- Representant for nøkkelstadene (2024-2026): Alexander Rauboti, Kvernsteinsparken i Hyllestad

Ressursgrappa hadde fem møter i 2024; fire digitale og eitt fysisk. 19.-20.08 hadde den nye ressursgrappa strategisamling i Selje, og hadde også eit digitalt møte 12.11 med innspel til verksemdsplan for 2025.

2. Aktivitet på nøkkelstadene

Gulatinget

- Restaurering av borgstova ved kyrkja i Eivindvik vart ferdigstilt.
- Tone Ekerhovd deltok på Nasjonal pilegrimskonferanse 14.-15. Mars.
- Tone Ekerhovd gjennomførte verdisamtalar for ungdom på Gulatingsdagen saman med kystpilegrimsprest Einar Vegge (ca. 50 deltakarar).
- Nordic Pilgrim hadde prøvevandring mellom Bergen og Selje med overnatting og besøk på Gulatinget.
- Nasjonaljubileet Norge i 1000 år og Landslovsjubileet (Gulatinget 2024) vart gjennomført 23.-25. august. Det var eit omfattande program med fagkonferanse, kunstutstilling, konsertar, jubileumsgudsteneste og urframføring av stykket "Dei guddommelege søstre" av Jon Fosse. (ca 500 deltakarar).
<https://gulatinget.no/gulatinget2024/program-for-gulatinget-2024/>
- Opplesing på NRKs minutt for minutt-sending (maratonsending) om Magnus Lagabøtes Landslov.
- Ingunn Sognnes deltok på Kystpilegrimskonferansen i Selje 1.-2. oktober.

Hyllestad

- Aktivitetar og formidling v/MiSF Kvernsteinsparken gjennom heile året, derunder skuleopplegg for 7. klasse v/Hyllestad skule, i 2024 med utvikling av digitalt formidlingsopplegg om steinkrossane herifrå.
- I Hyllestad kyrkje gjennomførde prestane Audun Systad og Runar Matsui-Li verdisamtalar for 7. og 8. skuletrinn 05.06. (23 deltakarar), FB-omtale:
<https://www.facebook.com/share/p/1XQyhEkuLm/>.
- Presentasjon av nøkkelstaden og arbeidet her v/Audun Systad, Astrid Waage og Alexander A. Rauboti for Musea i Sogn og Fjordane i samband med personalsamling i Hyllestad 18.04. (51 deltakarar)
- Arrangement Kvernsteinsmarknad/Sommargry 08.06. med 1000-årsmarkering som del av marknadsprogrammet (innlegg/stand ved Tonje Ramse Trædal, innlegg/vandring om steinkrossane ved arkeolog Irene Baug, håpsvandring frå Kvernsteinsparken via gamle kyrkjegarden til Hyllestad kyrkje med overrekking verdibrev i samband med Verdiseglas 2024 (ca 50 deltakarar)
- Nordic Pilgrim hadde prøvevandring mellom Bergen og Selje med besøk i Kvernsteinsparken og overnatting på Hotell Sognefjord.
- På kystpilegrimskonferansen i Selje 01.-02.10. deltok Audun Systad, Aslak Sognnes (kyrkjetenar) og Alexander A. Rauboti. Sistnemnde heldt innlegget «Formidling av pilegrimstematikk ved nøkkelstaden i Hyllestad – utfordringar og moglegheiter».
- Presentasjon av nøkkelstaden som del av føredraget «Kortreiste steinkrossar frå Hyllestad» v/Alexander A. Rauboti på Kystmuseet i Sogn og Fjordane i Florø 21.11. (42 deltakarar)
- Presentasjon av nøkkelstaden Kvernsteinparke under personalsamling for Musea i Sogn og Fjordane i Balestrand 01.12. (58 deltakarar).
- Gjestebok og stempel for pilegrimar i postkasse ved kvernsteinsparken.



Frå kvernsteinsmarknaden i Hyllestad. (Foto: Tonje Ramse Trædal)

- **Pilotprosjekt «Pilegrimsvandring frå kross til kross»** vart arrangert 02.-03.08 med 12 deltakarar. Arrangert av nøkkelstadgruppa for Hyllestad i samarbeid med Skifjord grendelag, Skifjord bedehus og Sogn Hostell. Prøvevandring frå kaia i Rysjedalsvika til steinkrossen i Korssund. Formålet var å prøve ut vanskegrad og tidsbruk for ei vandring for pilegrimar i Hyllestad.

Turen gjekk frå Rysjedalsvika via Indrefjord, opp gamal kyrkjeveg via Kolgrov til Kvernsteinsparken. Orientering om aktivitetar og tilbod på Indrefjord gard. Informasjon Kvernsteinsparken, krossgruva og den gamle kyrkjegarden i Hyllestad. Bilskyss til pilegrimsherberget Sogn Hostell med middag. Vandring frå Sogn Hostell over Ulvikåsen langs gammal kyrkje veg langs Rutlevatnet via Skifjord bedehus til Bjørnstad. Båtetappe med Bakkejekta ut Skifjorden til Krosseundet. Turen kan for framtida også koplust vidare med ferje frå Fure og nordgåande ekspressbåt i Askvoll. Bergen RPS deltok, saman med representantar frå Hyllestad og Gulen. Prosjektet fekk økonomisk støtte frå Hyllestad Vekst.



Frå "Pilegrimsvandring frå kross til kross" i Hyllestad (Foto: Alexander Rauboti).

Svanøy

- Ny dagleg leiar Svanøy hovedgård/Stiftelsen Svanøy Hus var Eva Myrvold.
- Svanøy hovedgård var stengt for oppussing i 2023-24, og har difor ikkje hatt tilbod for pilegrimar.
- Pilegrimsmottaket på Svanøy handel vart døgnoopen saman med den sjølvbetente butikken. Her får ein også stempel og gratis turkart.
- Gjestebok og stempel for pilegrimar i postkasse ved kyrkjegarden.

Kinn kyrkje

- Kinnaspelet vart arrangert 21.-22. Juni med 160 medverkande og 50 frivillige. 2000 besøkande.
- Det var open kyrkje med rundt 45 frivillige kyrkjevertar i perioden 20. mai og ut august med 3100 besøkande.
- Verdisamtalar med ungdom i samband med Kinnaspelet. (ca. 20 deltakarar).
- Vertsapsgruppa har tatt imot fleire grupper for omvising og orientering i Kinnakyrkja og kyrkjestova, m.a. samarbeiderådet for Selja og Vesland Fyleskommune.
- Vertsapsgruppa arrangerte Keltisk retreat med overnatting i kyrkjestova, Kinn pilegrimsherberge og skulestova på Kinn, samling i skulestova og tidebøn i Kinnakyrkja (18 deltakarar).
- Knut Magne Nesse, Gry Seim (Kinn pilegrimsherberge) og Merethe Knapstad (vertsapsgruppa på Kinn) deltok på Kystpilegrimskonferansen i Selje 1.-2. oktober.

- Det var arrangert visningstur til m.a. Kinn i regi av Visit Fjordkysten.
- Nordic Pilgrim hadde prøvetur med 2 overnattingar og tur på Kinn.
- Kulturavdelinga i Kinn kommune har utarbeidd ny informasjonstavle om Kystpilegrimsleia til kaia på Kinn.



Frå Seljumannamesse 1000-årsmarkering ved Kinnakyrkja 8. juli. (Foto: Tonje Ramse Trædal)

Selja kloster

- Seljumannamesse 1000 årsmarkering, jubileumsseglas 5.-8. august og familiedag i Selje laurdag 6. juli i samarbeid med RPS Selje.
- Verdisamtalar med ungdom arrangert i samarbeid med Selje kyrkje og Filadelfia Stadlandet i Selje prestegard 18. Juni. (ca. 15 deltakarar).
- Prosjektleiar Bjørn Jensen koordinerer årleg arbeid med murkonservering og grønn skjøtsel på Selja kloster- og heilaganlegg.
- Regin Meyer frå NIKU publiserte ny forskning som tyder på at Sunnivakyrkja kan vere Noregs eldste steinkyrkje. [META2024_11_Meyer-1.pdf](#). Medieoppslag både nasjonalt og internasjonalt, m.a. i Archeology Magazine.
- Stad Vekst og Stad kommune fekk innvilga 500 000 kr frå Riksantikvaren og Vestland Fylkeskommune til eit forprosjekt til verdiskapingsprosjektet “Stad i 4000 år”, som m.a. omhandlar forvaltning, formidling og verdiskaping basert på kulturminna Selja kloster og helgenanlegg, utgravingane på Seljesanden og kulturlandskapet på Stadlandet. RPS Selje deltek i arbeidsgruppa for prosjektet.

- Samarbeidsrådet for heilag- og besøksmålet Selja hadde m.a. studietur til Kinn i juni, og møte med Riksantikvaren, Kulturdepartementet, Allstad, Oslo katolske bispedømme og Oslo regionale pilegrimssenter i Oslo 9.-10. desember.
- Fjordguiding har hatt daglege båtruter og guiding på Selja frå juni til august, og helgene i skuldresesongane.
- Stad kommune har gjennomført ein ny konsesjon for båtruta til Selja.
- Nordic Pilgrim hadde prøvetur med overnatting i Selje prestegard og besøk på Selja kloster.
- Omvising på Selja kloster i samband med Kystpilegrimskonferansen 1.-2. oktober.

Seljumannamesse 1000 år, jubileumsseglass og verdisamtalar

I Nasjonaljubileet 2030 sin jubileumsstafett var tema i 2024 var verdier i lovverket. I samband med jubileet for Kristenretten på Moster, Magnus Lagabøtes landslovsjubileum i Bergen, Gulatingsjubileet og Seljumannamesse 1000-årsjubileet, vart det arrangert ein verdiseglass langs heile Kystpilegrimsleia sommaren 2024. Arrangørar var Bjørgvin, Stavanger, Møre og Nidaros bispedømme i samarbeid med dei fire regionale pilegrimssentra langs kysten. Verdiseglassen i Selje RPS sitt område vart arrangert som ein jubileumsseglass mellom nøkkelstadene Kinn og Selja for å markere 1000-årsjubileet for Seljumannamesse. Selje RPS var sekretariat for ein komite, der Knut Magne Nesse var leiar, og det vart inngått ei samarbeidsavtale med Stad, Kinn og Bremanger kommunar sokneråda i Selje, Frøya, Kinn og Vågsøy. Det vart gitt tilskot frå kvar av dei tre kommunane og frå Vestland fylkeskommune.

Jubileet vart markert med ein jubileumsseglass med fjordabåten m/s Atløy mellom Florø, Selje, Måløy, Kalvåg og Kinn 5.-8- juli. Med på seglassen var m.a. biskop Ragnhild Jepsen, kystpilegrimsprest Einar Vegge, kultursjefane i Stad og Kinn i tillegg til fleire inviterte og betalende gjester. Medlemmer i pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva stilte som frivillig hjelpemannskap. Flora historielag engasjerte arkeologiprofessor Alf Tore Hommedal, som heldt foredrag om bakgrunnen for Seljumannamesse. Det var m.a. foredrag i Florø (ca 50 deltakarar, familiedag og messe i Selje og på Selja (ca 200 deltakarar), gatekunstvandring og kveldssamling i kyrkja i Måløy (ca 50 deltakarar), konsert og foredrag i Galleri Thorsheim i Kalvåg (ca 50 deltakarar) og Seljumannamesse på Kinn (ca 50 deltakarar). Totalt antal deltakarar på seglassen og alle lokale arrangement var ca. 700.

Det vart også gjennomført verdisamtalar med ungdom langs heile Kystpilegrimsleia i samband med verdiseglassen. I vår region var det samtalar i Gulen, Hyllestad, på Kinn og i Selje. Eit felles pedagogisk opplegg var utarbeidd av komiteen for verdiseglassen, og ungdommane utarbeidde verdibrev som vart lagt i Kystpilegrimskista og følgde heile seglassen frå Egersund til Trondheim. Brev vart overlevert til preses i den norske kyrkja på vegne av Nasjoanljubileet, og blir oppbevarte av Justismuseet. Det vart også laga ei jubileumsutstilling som vart vist i Trondheim under Olavsfest og i Selje under Kystpilegrimskonferansen.

Les meir om jubileumsseglassen og programmet her:

<https://www.seljakloster.com/seljumannamesse>



Alf Tore Hommedal heldt foredrag om Seljumannamesse m.a. i innbyggjartorget i Selje.
(Foto: Tonje Ramse Trædal)



Gatekunstvandring i Måløy med Tone Andal under jubileumsseglassen (Foto: Tonje Ramse Trædal)



Kulturprogram i Kalvåg under jubileumsseglasen (Foto: Tonje Ramse Trædal)



Håpsvandring med ukrainske flyktingar i samband med overleving av verdibrev frå ungdom i Hyllestad. (Foto: Tonje Ramse Trædal)

Kystpilegrimskonferansen i Selje og Stad

Kystpilegrimskonferanse blir arrangert for nettverket og nøkkelstadene kvart år i samarbeid mellom dei fire regionale sentra langs Kystpilegrimsleia. Årets konferanse vart arrangert i Selje og på Stad, med RPS Selje som vertskap. Tema for konferansen var historieformidling og verdiskaping.

Konferansen samla 53 deltakarar frå heile leia.på Stad hotell. Det var også mottaking i Selje prestegard, vandring og omvising på Selja kloster. Det var eit rikhalding program med m.a. presentasjon av ny forskning, historisk tilbakeblikk på Kystpilegrimsleia og formidlingsverkstad. Sjå utfyllande program her:

<https://www.pilegrimsleden.no/artikler/kystpilegrimskonferansen-2024>



Kystpilegrimskonfreansen på Stad hotell. (Foto: Ragnhild Godal)



Vandreutstilling frå verdiseqlasen/verdbibrev vart sett opp i hagen i Selje prestegard under kystpilegrimskonferansen. (Foto: Tonje Ramse Trædal)

3. Pilegrimssenter i Selje prestegard

Selje prestegard er ope kvar dag mellom kl 09.00 og 16.00 i perioden 15.06-15.08 med pilegrimsmottak og turistinformasjon. Sommarvertane tilbyr også utleige av el-syklar, omvisingar og aktivitetar i prestegarden, og har ansvar for ansvar og utleige av rom.

Selje prestegard er no godkjent for overnatting for inntil 12 personar. Selje RPS starta opp med overnattingstilbod for pilegrimar sommaren 2024, etter at ein hadde søkt etter eksterne næringsaktørar utan hell. I 2024 var det 119 overnattingsgjester, herav 69 pilegrimar. Tilbodet er tilgjengeleg heile året.

Selje prestegard er også tilgjengeleg for lag, foreiningar og andre i Stad, og kan leigast til arrangement. Faste aktivitetar i 2024 var Stad kulturskule, Selje pensjonistlag, Selje sanitetsforening og Selje sjakklubb.

Det var 1450 besøkande i Selje prestegard i 2024, i tillegg til ca 640 lokale besøkande på arrangement og aktivitetar. 145 av dei besøkande vart registrerte som pilegrimar.

Les meir om Selje prestegard her: <https://seljeprestegard.no>



Pilegrimsovernatting i Selje prestegard. (Foto: Helle Frogner)

4. Produktutvikling og nærings samarbeid

RPS Selje samarbeider med lokale næringsaktører om utvikling av nye produkt med godkjent bruk av pilegrimslogo frå NPS. I 2024 vart følgjande produkt utvikla for sal:

- Tanketre: metidative treskiver frå Selje/Selja med symbol av Seljumannamesse, Pilegrimsleden og Sta. Sunniva. Produsert av Segla i Selje.
- Sunnivalys, duftlys med portrett av Sta. Sunniva. Produsert av Gavetopia i Selje.
- Drikkeflasker, hatt, buttons, veske og t-skjorte med motiv frå Sta. Sunniva og Selja kloster. Produsert av Gerda Silden Totland i Stad.

I tillegg har ein utvida sortimentet i butikken på pilegrimssenteret i Selje prestegard med nye produkt frå m.a. Gavetopia (kopp, kaffi, postkort), Nordfjordull (Selja kloster-genser), Sefar (genser, cape og lue) og Visit Nordfjord (t-skjorter, luer, buf). Det er inngått avtale med Segla og Hellige Sunniva kloster om å bruke borgtsova i Selje prestegard til verkstad og utsal.

Storm på Stad, Stadbussen, Mix-kiosken i Selje, Fjordguiding og Stad hotell leverte tenester i samband med Kystpilegrimskonferansen.

I tillegg til pilegrimsherberge og skyselskap langs leia, har ein også eit tett samarbeid med m.a. "Viking Footprints" i Hyllestad om formidling til pilegrimar og andre.

Den nederlandske reiseoperatøren "Nordic Pilgrim" gjennomførte sommaren 2024 prøvavandring for tre amerikanske pilegrimar mellom Bergen og Selje. På bakgrunn av denne tilbyr Nordic Pilgrim frå 2025 to kommersielle turpakker med besøk på alle nøkkelstadene mellom mellom Bergen og Selje. RPS Selje har saman med nøkkelstadene bidratt til utvikling av produktet. Les meir her: <https://www.nordicpilgrim.com/coastal-route/>

Dei fire regionale sentra langs Kystpilegrimsleia har også hatt samarbeid med den nederlandske reiselivsoperatøren Gea van Veen om utarbeiding av ei eiga guidebok for syklistar langs Kystpilegrimsleia. Denne blir truleg ferdig i 2025.



BERGEN-SELJE (14 DAGER)

Denne 14 dagers turen starter i Bergen og slutter i Selje og er en kombinasjon av båtturer og fotturer. Disse turene er for det meste i nærheten av viktige steder du besøker - så det er ingen stor tur langs kysten fra sør til nord. Disse...

[Les mer](#)



BERGEN-SELJE (10 DAGER)

En kortere versjon av den 14 dager lange turen, som stort sett følger samme vei. Denne reisen begynner i Bergen og ender i Selje og er en kombinasjon av båtturer og fotturer. Disse fotturene er stort sett i nærheten av viktige steder du besøker - så det er...

[Les mer](#)

Frå Nordic Pilegrims turpakker på Kystpilegrimsleia mellom Bergen og Selje (www.nordicpilgrim.com)



Tanketre frå Segla. (Foto: Tonje Ramse Trædal)

5. Aktivitet regionalt og nasjonalt

Selje RPS samarbeider tett med andre aktørar både regionalt, langs kystpilegrimsleia og med Nasjonalt pilegrimssenter og nettverket av andre regionale senter. Her er noko av det som har vore gjennomført i 2024:

Dato	Aktivitet 2024	Arrangør
15.01	Digitalt kontaktmøte RPS/NPS	Nasjonalt pilegrimssenter
25.01	Sertifisering av overnattingsstader Kinn og Bremanger	RPS Selje
14.02	Nøkkelstadmøte i Hyllestad	Nøkkelstadgruppa
14.-15.03	Nasjonal pilegrimskonferanse Trondheim	Nasjonalt pilegrimssenter
19.03	Digitalt kontaktmøte RPS/NPS	Nasjonalt pilegrimssenter
03.04	Dialogmøte NPS og NDR i Bergen	Nasjonalt pilegrimssenter
23.-25.05	Forummøte Stiklestad	Nasjonalt pilegrimssenter
08.06	Kvernsteinsmarknaden i Hyllestad og håpsvandring	Kvernstseinsparken i Hyllestad
10.-14.06	Nordisk ruinseminar på Færøyane	Stad kommune
17.-18.06	Studietur Kinn-Selja med samarbeidsrådet for Selja kloster	Stad kommune
05.-8.07	Jubileumssegla Seljumannamesse 1000 år Selje-Kinn	RPS Selje m.fl.

19.-25.08	Ressursgruppa for RPS Selje strategisamling i Selje	RPS Selje
04.-05-09	Forummøte Granavollen	Nasjonalt pilegrimssenter
01.02.10	Kystpilegrimskonferanse i Selje	RPS Selje, Smøla, Bergen og Avaldsnes
03.-04.10	Valldalsledkonferansen	Valldalsleden
14.10	Digitalt kontaktmøte RPS/NPS	Nasjonalt pilegrimssenter
03.12	Avklaringsmøte om Kystpilegrimsleia, Trondheim	Nasjonalt pilegrimssenter
04.-05.12	Forummøte Trondheim	Nasjonalt pilegrimssenter
09..10.12	Møte Riksantikvaren, kulturdep. m.fl. i Oslo	Samarbeidsrådet for Selja
Heile 2024	Komitemøter om verdiseglas	RPSane og bispedøma
Heile 2024	Samarbeidsmøter kystpilegrimsleia	RPS Selje, Smøla, Bergen, Avaldsnes
Heile 2024	Samarbeidsmøter nøkkelstadene RPS Selje	Nøkkelstadene RPS Selje

6. Statistikk

Besøk på overnattingssteder

Som registrerte pilegrimar i statistikken reknar vi dei som har pilegrimspass, reiser med pilegrimsgrupper eller deltek på pilegrimsarrangement.

Overnattingsstadene nedanfor har avtale med Selje RPS som pilegrimshotell eller pilegrimsherberge. Desse tilbyr pilegrimrabatt, og blir marknadsførte som overnattingssteder på www.pilegrimsleden.no

Overnattingsstad	Kommune	Gjestedøgn pilegrimar 2024	Gjestedøgn totalt 2024	Merknad
Eivindvik Brygge	Gulen	3		
Sogn Hostel	Hyllestad	1	204	Pilotvandring
Kinn hotell	Kinn			
Kinn gjestehus	Kinn	5	282	
DNT-Kinn skulehus	Kinn	0	550	
Smørhamn gml handelsstad	Bremanger	9	969	Sunnivaleia
Havlys Bed&Breakfast	Bremanger	14		Sunnivaleia

Ulvesund fyr	Bremanger	1		jubileumsseglas
Stad hotell	Stad	33	4924	kystpilegrimskonferanse
Selgebuda	Stad	0	90	
Sætren rorbuer	Stad	0	22	
Selje camping	Stad	0		
Selje prestegard	Stad	69	119	Nytt i 2024, Selje RPS

Besøk på regionalt pilegrimssenter Selje

Lokalitet	Besøk pilegrimar 2024	Besøk totalt 2024	Merknad
Selje prestegard	145	1450	I tillegg: 640 på arrangement og aktiviteter

Besøk på nøkkelstadene

Nøkkelstad	Kommune	Besøk pilegrimar 2024	Besøk totalt 2024	Merknad
Gulatinget	Gulen	Ingen statistikk	13 884	Tellar op Gulatinget. Ingen gjestebok.
Hyllestad	Hyllestad	40	2680	Gjestebok i kvernsteinsparken
Svanøy	Kinn	15	200	Gjestebok i besøk på Seglinn
Kinn	Kinn	9	3100	Opa kyrkje + Sunnivaleia
Selja kloster	Stad	Ingen statistikk	4186	Klosterbåten

7. Status tiltak i verksemdsplan for 2024

KULTUR

MÅL: Formidlar vår historiske, kulturelle og andeleg kulturarv med eit breitt spekter av gode opplevingstilbod.

DELMÅL:

- Styrke formidlinga av kunst, kultur og kulturarv.
- Nytte tradisjonsbåtar og historisk ferdsel som ein del av kystpilegrimsleia.
- Ivareta og formidle lokale mat- og handverkstradisjonar.
- Styrke og utvikle «St. Olav Ways» som Europeisk kulturrute.

Tiltak:	Ansvar:	Status
Legge ut aktuelle historiske og kulturelle besøkspunkt (POLar) og turforslag langs kystpilegrimsleia på www.pilegrimsleden.no .	Nøkkellstadene RPS Selje Overnattingsstader	Alle POlane er kvalitetssikra med tekst og bilete, og omsett til engelsk
Sørge for at informasjon om kystpilegrimsleia og lenke til www.pilegrimsleden.no blir gjort tilgjenge på kommunar, nøkkellstade, kyrkja og overnattingsstader sine eigne heimesider.	Nøkkellstadene Kommunane Sokneråda Overnattingsstader	Delvis gjennomført
Ta imot grupper og enkeltpersonar og informere om kulturminne, nøkkellstadane og kystpilegrimsleia. Vere eit varmt vertskap.	Nøkkellstadane RPS Selje Overnattingsstader	Gjennomført
Felles kompetanseheving på vertskap og formidling på nøkkellstadene.	RPS Selje	Formidlingsverkstad gjennomført
Støtte opp om utvikling av nye formidlingsarenaer på nøkkellstadene.	RPS Selje	Arbeid med vandretstilling starta opp
Støtte opp under historieformidling knytt til nøkkellstader som foredrag, bøker, artiklar og formidling av nyare forskning.	Nøkkellstadene RPS Selje	Ny forskning omkring Sunnivakyrkja på Selja delt digitalt og på kystpilegrimskonferans e
Legge til rette for bruk av tradisjonsbåtar og tradisjonelle ferdselsvegar langs kystpilegrimsleia.	Nøkkellstadene RPS Selje	m/s Atløy brukt i jubileumsseglas
Ha tilgjengeleg pilegrimsstempel på alle nøkkellstadene, kyrkjer og overnattingsstader.	Nøkkellstadene Sokneråd Overnattingsstader	Gjennomført
Ha tilgjengeleg informasjon om andre nøkkellstader og heile kystpilegrimsleia på alle nøkkellstader.	Nøkkellstadene RPS Selje Overnattingsstader	Påbegynt
Bruke nøkkellstadgruppene som utgangspunkt for breitt samarbeid lokalt knytt til historieformidling og involvering av lokalmiljøet.	Nøkkellstadene RPS Selje	Gjennomført, bortsett frå Selje
Vere høyringspart i lokalt og regionalt planarbeid som kulturplan, næringsplan, reiselivsstrategiar, reguleringsplanar som vedkjem leia/kulturminer m.m.	RPS Selje	Har gitt innspel til Riksantikvarens bevaringsstrategi for kystens kulturminne.

		Deltek i arbeidsgruppe for formidlingsplan for Selja.
Gjennom medlemskap i ACSOW bidra til at statusen for Kystpilegrimsleia som Europeisk kulturveg blir forvalta på ein god måte lokalt og regionalt.	RPS Selje	Gjennomført

KYRKJE

MÅL: Er inkluderande, lett tilgjengelege og tydeleg kommuniserte.

MÅL: Gir rom og rammer for ro, refleksjon og ettertanke.

DELMÅL:

- Auke talet på opne kyrkjer langs leia.
- Bygge ein tydeleg profil som pilegrimsmål for menneske i dag.
- Legge til rette for utsending og mottak av pilegrimar langs leia.
- Samarbeide med fagmiljø i og i tilknytning til kyrkja om fornying av pilegrimstradisjonen.
- Knyte gode relasjonar til ny kystpilegrimsprest.
- Fremje heilagstaden som ein stad for alle pilegrimar og skape dialog mellom trussamfunn.

Tiltak:	Ansvar:	Status
Arbeide for opne kyrkjer langs leia og informere om opningstidene.	Sokneråd Prosti Venelag Selje RPS	Opa kyrkje på Kinn og i Selje.
Ha stempel og informasjon til pilegrimar ved alle kyrkjene langs leia.	Sokneråd RPS Selje	Gjennomført
Vandringar for konfirmantar i trusopplæringa og/eller skule-kyrkjesamarbeid.	Sokneråd	Gjennomført
Følgje opp avtalen med sokneråda i Stad og utarbeide tilsvarande avtalar med utvalde sokneråd i dei andre kommunane langs leia.	Sokneråd Prosti RPS Selje	Ikkje gjennomført
Samarbeide med Bjørgvin bispedøme og andre aktørar om gjennomføring av Verdiseglas 2024.	Bjørgvin bispedøme Prosti Sokneråd RPS Selje, Smøla, Bergen og Avaldsnes	Gjennomført
Vere sekretariat og samarbeidspart for markering av Seljumannamesse 1000 år.	RPS Selje Nøkkkelstadene Selja og Kinn Nordfjord og Sunnfjord prosti	Gjennomført

	Stad, Bremanger og Kinn kommunar og sokneråd	
Samarbeide med Bjørgvin bispedøma m.fl. om turar og vandringar.	Bjørgvin bispedøme Prosti RPS Selje	Håpsvandring og Pilotvandring i Hyllestad
Invitere sokneråda innanfor RPS Selje sitt geografiske ansvarsområde til Selje pilegrimscenter.	RPS Selje Prosti Sokneråd	Ikkje gjennomført
Samarbeide med lokale trussamfunn og andre om markeringar som Seljumannamesse, Sunnivafestival, Olsokfeiringar og andre merkedagar.	RPS Selje Trussamfunn Sokneråd	Gjennomført Seljumannamesse 1000 år

NÆRING

MÅL: Har solid forankring både lokalt, regionalt og nasjonalt og bidreg til verdiskaping lokalt.

DELMÅL:

- Auke bruken av pilegrimsleia til eit volum som gir grunnlag for berekraftig næringsutvikling.
- Systematisk oppbygging av kapasitet og kvalitet på overnattingstilbodet langs leia gjennom å bygge robuste nettverk av kommersielle næringsaktørar.
- Sikre god standard på skilting, merking og tilrettelegging av den fysiske leia.
- Kontinuerleg utvikling av marknadsføringstiltak, med mellom anna digitale løysingar for turplanlegging og informasjonsformidling.
- Utvikle gode verktøy for måling av den totale bruken av pilegrimsleiene.

Tiltak:	Ansvar:	Status:
Registrering og rapportering om tal på pilegrimar og andre besøkande.	Nøkkeltader Overnattingsstader RPS Selje NPS	Gjennomført
Delta aktivt i utviklinga av reiselivet lokalt og regionalt gjennom samarbeid med destinasjonsselskap, reiselivsoperatørar og andre. Gi innspel til lokale og regionale reiselivsstrategiar, delta på reiselivsmesser.	RPS Selje Destinasjonsselskap Reiselivsoperatørar	Ikkje gjennomført
Støtte lokalt næringsliv i utvikling av lokale produkt til bruk langs kystpilegrimsleia og bistå i prosess med NPS om godkjenning av produkt.	Nøkkeltadene RPS Selje NPS	Gjennomført for tanketre, Sunnivalys og strikkeprodukt i Selje

Nytte regionale destinasjonsselskap som informasjonskanalar og sørge for at www.pilegrimsleden.no er synleg i desse kanalane.	RPS Selje Destinasjonsselskap	Vidareført
Etablere kontakt med turoperatørar som kan tilby turar langs kystpilegrimsleia.	RPS Selje	Inngått samarbeid med Nordic Pilgrim
Utarbeide informasjonsskilt etter felles mal på alle nøkkelstadene.	RPS Selje Nøkkelstadene Komunane	Informasjonsskilt i Florø, Svanøy og Kinn
Utarbeide felles brosjyre for heile kystpilegrimsleia.	NPS RPS Selje, Smøla, Bergen og Avaldsnes	Gjennomført
Utarbeide felles brosjyre for nøkkelstadane mellom Bergen og Selje etter felles mal langs kystpilegrimsleia.	RPS Selje RPS Bergen Nøkkelstadene	Ikkje gjennomført
Utarbeide brosjyre eller anna informasjonsmateriell for kvar nøkkelstad etter felles mal for kystpilegrimsleia.	Nøkkelstadene RPS Selje	Ikkje gjennomført
Bidra med informasjon i planlegginga av vandringar for grupper og enkeltpersonar.	RPS Selje Nøkkelstadene	Gjennomført for Nordic Pilgrim og Sunnivaleia + enkeltpersonar
Oppretthalde kontakt med overnattingsstader langs leia og sørge for at det finst overnattingstilbod ved alle nøkkelstadene.	RPS Selje	Gjennomført
Gjennomføre sertifisering av alle overnattingsstader langs leia etter mal frå NPS.	RPS Selje	Gjennomført
Samarbeide med NPS om reklamefilm for kystpilegrimsleia	RPS Selje	Gjennomført
Legge ut informasjon om turforslag, overnatting og transport på www.pilegrimsleden.no	RPS Selje	Ikkje gjennomført pga behov for prinsipiell gjennomgang
Ta kontakt med Norled og anna kollektivselskap langs leia om informasjon, marknadsføring og evt pilegrimsrabatt	RPS Selje	Gjennomført
Omsette informasjon på skilt, brosjyrar og heimesider på engelsk	RPS Selje	Gjennomført for heimeside
Etablere pilegrimsovernatting og servering i Selje prestegard	RPS Selje	Pilegrimsovernatting gjennomført. Servering avventar løyve.

MILJØ

MÅL: Framstår som attraktive reiser og heilskaplege opplevingar, med berekraftige og klimanøytrale avtrykk.

DELMÅL:

- Utvikle pilegrimsleia skånsamt for å ivareta naturen, kulturminna og miljøet best mogleg.
- Utvikle og ta i bruk miljøvennlege løysingar i pilegrimsarbeidet.
- Sikre pilegrimsleia mot slitasje i naturen.
- Legge til rette for tilgang til sanitærfasilitetar langs leia.
- Legge til rette for miljøvennleg person- og bagasjetransport.
- Støtte opp om miljøsertifisering av pilegrimssenter og nøkkelstader.

Tiltak:	Ansvar:	Status:
Samarbeide med friluftsråd om strandryddeaksjonar m.m.	RPS Selje Nøkkelstadene Kommunane	Ikkje gjennomført, men inngått samarbeid med friluftsrådet
Informere om og legge til rette for å gå, ro, padle og sykle lang delar av kystpilegrimsleia.	RPS Selje Nøkkelstadene	Arbeid med sykkelguide påbegynt
Samarbeide med og informere om moglegheit for å låne turutstyr i lokale utstyrsbankar/BUA	RPS Selje Nøkkelstadene	Påbegynt
Gjere kystpilegrimsleia tilgjengeleg på www.ut.no	RPS Selje Nøkkelstadene	Påbegynt
Sørge for at kystpilegrimsleia inngår i lokal og regionale turkart og turstiar når desse blir utarbeidd.	RPS Selje Kommunane	Påbegynt
Legge til grunn den reiselivsstrategien 2030 <i>Sterke inntrykk med små avtrykk</i> for utviklinga av kystpilegrimsleia som reiselivsprodukt.	RPS Selje	Påbegynt
Samarbeid med grunneigarar om rydding, skilting, merking og tilrettelegging av leia.	Kommunane Pilegrimsfellesskap	Påbegynt
Miljøsertifisering av Selje RPS og Selje prestegard	Selje RPS Stad kommune	Utsett til 2025

FRIVILLIGHEIT

MÅL: Samarbeide med frivilligheita om utviklinga av pilegrimssatsinga lokalt og regionalt

DELMÅL:

- Sikre lokalkunnskap og lokalt engasjement rundt kystpilegrimsleia.

<ul style="list-style-type: none"> • Sikre godt lokalt vertskap. • Samarbeid om finansiering og gjennomføring av tiltak langs kystpilegrimsleia. • Sørge for god aktivitet langs leia. 		
Tiltak:	Ansvar:	Status:
Inngå samarbeidsavtale med pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva om å innlemme Sunnivaleia mellom Kinn og Selje som ein del av kystpilegrimsleia. Gjennomgå avtalar med Stad og Kinn kommune, og opprette ny avtale med Bremanger kommune.	RPS Selje NPS Kommunane Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva	Utsett til 2025 pga avklaring med Nasjoanlt Pilegrimssenter
Opprette kontakt med andre lokale vertskapsgrupper, vennelag, pilegrimsfellesskap m.m. langs leia.	RPS Selje	Samarbeid med mange lag og organisasjonar i Kinn, Bremanger og Stad om jubileumsseglas
Kontakt med pilegrimsfellesskap gjennom Pilegrimsforbundet Norge. Bida til og formidling av magasinet «Pilegrm i dag» på alle nøkkelstadene.	RPS Selje Nøkkelstadene	Har bidratt med artiklar og annonsering
Samarbeid med lokale spel og andre kulturaktørar om informasjon og marknadsføring.	RPS Selje Nøkkelstadene	Hadde ansvar for marknadsføring av Seljumannamesse 1000 år og jubileumsseglas
Søke midlar til ulike utviklingstiltak som informasjonskampanjar, skilting og merking m. m.	RPS Selje Kommunane Frivilligheita	Har fått eksterne midlar til jubileumsseglas

ORGANISASJON

MÅL: Samarbeide lokalt, regionalt og nasjonalt om utviklinga av kystpilegrimsleia		
DELMÅL:		
<ul style="list-style-type: none"> • Sørge for god informasjonsflyt og samarbeid i pilegrimsarbeidet i alle ledd. 		
Tiltak:	Ansvar:	Status:
LOKALT		
God og brei involvering i nøkkelstadgrupper på alle nøkkelstadane med representasjon frå kultur, kyrkje, næring og miljø. Få på plass ein leiar, mandat og arbeidsgrupper i kvar nøkkelstadgruppe.	RPS Selje Nøkkelstadane Kommunane	Gjennomført, bortsett frå i Selje.

Tydeleg ansvarsplassering og ressursar til oppfølging av arbeid med nøkkelstadene og kystpilegrimsleia i kvar kommune.	Kommunane	Ikkje gjennomført
Gjennomføre ei fysisk nøkkelstadsamling i året, samt faste digitale møte med alle nøkkelstadene	RPS Selje Nøkkelstadene	Gjennomført digitalt.
Revisjon av partnerskapsavtalane mellom Selje RPS, nøkkelstadene og kommunane.	RPS Selje Nøkkelstadene Kommunane	Ikkje gjennomført
Sørge for at styringsgruppa for Selje RPS er bredt samansett med representasjon frå kyrkje, kultur, næring og miljø, og at styringsgruppa blir ein ressurs i utvikling og synleggjering av RPS Selje og kystpilegrimsleia.		
Gjennomføre årlege kontaktmøte med Vestland Fylkeskommune.	RPS Selje og RPS Bergen Styringsgruppa/Fagråd e	Ikkje gjennomført
Arrangere kystpilegrimskonferanse saman med dei tre andre RPSane langs kystpilegrimsleia. Kystpilegrimskonferansen 2024 blir i Stad/Selje.	RPS Selje, Bergen, Smøla og Avaldsnes Nøkkelstadene Styringsgruppa	Gjennomført
Delta på faste samarbeidsmøte med dei andre regionale sentra langs kystpilegrimsleia.	RPS Selje, Smøla, Bergen og Avaldsnes	Gjennomført
Delta i Vestland fylkeskommune sitt mellomaldernetverk.	RPS Selje	Ikkje gjennomført
Delta i samarbeidsråd for heilag- og besøksmålet Selja.	RPS Selje Stad kommune	Gjennomført
NASJONALT		
Delta i årlege dialogmøte med Nasjonalt Pilegrimssenter	RPS Selje NPS Styringsgruppa	Gjennomført
Delta i digitale og fysiske forummøte med dei andre 11 regionale pilegrimssentra i Noreg	RPS Selje	Gjennomført
Delta på årleg nasjonal pilegrimskonferanse i Trondheim og legge til rette for deltaking frå nøkkelstadene.	RPS Selje Nøkkelstadene	Gjennomført
Delta på felles arenaer som er med på å synleggjere heile pilegrimssatsinga, slik som Arendalsuka og Olavsfest.	NPS RPS Selje	Ikkje gjennomført

ØKONOMI

MÅL: Er etablert med grunnlag i føreseielege rammer som gjer satsinga mogleg i tråd med veksten og utviklinga i pilegrimsaktiviteten.

DELMÅL

- Sikre gode økonomiske rammer for drift av RPS Selje i tråd med langtidsplan for pilegrimssatsinga.
- Sikre prosjektfinansiering til større utviklingstiltak.
- Sørge for god økonomistyring.

Tiltak:	Ansvar:	Status:
Følgje opp og gi innspel til årlege tildelingar i Statsbudsjettet og jobbe for fullfinansiering av kystpilegrimsleia i tråd med NPS sin langtidsplan for pilegrimssatsinga.	Selje RPS Styringsgruppa	Gjennomført. Skriftleg innspel frå RPSane + ordførarmøte med kulturdep. i Oslo.
Rapportere og søke om årleg driftstilskot gjennom NPS	Selje RPS	Gjennomført
Rapportere og sikre regionale finansiering frå Vestland fylkeskommune.	Selje RPS	Gjennomført
Rapportere og sikre lokal finansiering frå Stad kommune.	Selje RPS	Gjennomført
Søke prosjektfinansiering og medfinansiering til større prosjekt, informasjonstiltak, infrastrukturtiltak og utviklingstiltak.	Selje RPS Styringsgruppa Kommunar Fylkeskommunar Bispedøme	Gjennomført

8. Økonomirapport 2024

Opphavleg budsjett 2024

Budsjett og finansieringsplan er sett opp i tråd med langtidsplan for pilegrimssatsinga.

Kostnader	NOK
Lønskostnader	1 100 000
Kostnader ekskl. løn	920 000
Sum	2 020 000

Inntekter	NOK
Nasjonalt pilegrimssenter	1 200 000 (60%)
Vestland fylkeskommune	400 000 (20%)

Stad kommune	400 000 (20%)
Eigeninntekter	20 000
Sum	2 020 000

Budsjettet vart seinare justert slik ut frå det reelle tilskotet:

Revidert budsjett 2024

Kostnader	NOK
Lønskostnader	1 231 599
Kostnader ekskl. løn	335 000
Sum	1 556 599

Inntekter	Budsjett 2024
Nasjonalt pilegrimssenter	500 000
Vestland fylkeskommune	300 000
Momskompensasjon	50 000
Stad kommune	706 599
Sum	1 556 599

Rekneskap for Regionalt pilegrimssenter Selje 2024

Resultatrekneskapet viser eit mindreforbruk på 23 825 kr.

Resultat hovudpostar:

Selje RPS	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik NOK
Utgifter	1 556 599	1 914 233	357 635
Inntekter	850 000	1 231 460	-381 460
Resultat	706 599	682 773	-23 825

Resultat fordelt på dei viktigaste postane:

Utgifter	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik NOK
Løn inkl. Sosiale utgifter	1 231 599	1 111 463	-120 136
Andre varer og tenester	40 000	359 773	319 773
Opphald/overnatting	20 000	10 247	-9 253
Annonsar/informasjo n/reklame	20 000	31 767	11 768
Reiseutgifter	50 000	46 941	-3 059

Husleige	84 000	97 200	13 200
Inventar og utstyr	10 000	13 583	3 583
Konsulenttenester	0	51 631	51 631
Utgiftsført moms	50 000	91 138	41 139

Inntekter	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik NOK
Avgiftsfritt sal	0	48 838	-48 838
Avgiftspliktig sal av varer og teneste	0	24 698	-24 698
Avgiftspliktig sal av overnatting	0	37 946	-37 946
Statstilskot	500 000	530 000	-30 000
Momskompensasjon	50 000	91 138	-41 139
Vestland fylkeskommune	300 000	371 368	-71 368
Refusjon frå andre kommunar	0	47 348	-47 348
Refusjon frå andre	0	79 696	-79 696

Merknader utgifter:

Lønskonstadene var lågare enn budsjettetert pga sjukmelding/vakanse for Belinda Fure.

Utgiftene til andre varer og tenester vart høgare enn budsjettetert hovudsakleg pga.

gjennomføring av jubileumsseglas for Seljumannamesse 1000 år og

Kystpilegrimskonferansen i Selje. I tillegg vart det kjøpt inn konsulenttenester til

næringskonsept for Selje prestegard og hjelp ved pilegrimssenteret, samt kjøpt inn nye varer frå lokale produsentar til sal på pilegrimssenteret i Selje prestegard.

○ Andre varer og tenester:

- Seljumannamesse 1000 år: Utgifter til leige av d/s Atløy til jubileumsseglasen på kr 103 317. Dette vart dekt gjennom tilskot frå Vestland fylkeskommune (kr 50 000), tilskot frå Bremanger og Stad kommunar (kr 40 000) og tilskot frå Kinn kommune/Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva/Kinn kommune (kr25 000).
- Kystpilegrimskonferansen i Selje hadde ei samla kostnadsramme på kr 135 177. Dette vart dekt gjennom deltakaravgift (kr 36 480), og deling av utgifter mellom RPS Aaldnes, Bergen, Selje og Smøla (kr 24 679 på kvar).
- Varer til sal i Selje prestegard vart kjøpt inn frå m.a. Gavetopia, Seigla, Sefar, Alvheim&Eide, Gerda Silden Totland og Nordfjordull.

- Kjøp av tenester frå Helliga Sunniva Kloster til hagearbeid, måling og klargjering av rom i Selje prestegard til utleige.
- Utgifter til Vest industrivask for vask av sengetøy i Selje prestegard.
- Annonse/informasjon/reklame: utgifter til annonsering av Seljumannamesse 1000 årsmarkering og verdiseilas.
- Inventar og utstyr: utstyr til utleige i Selje prestegard.
- Konsulenttenester: Næringsprospekt Selje prestegard frå Segel, hjelp i Selje prestegard og RPS Selje frå Trude Thorgersen.
- Husleige: RPS Selje leiger Selje prestegard av DNK Eigedom (tidlegare OVF) for 8 100 kr pr mnd.

Merknader inntekter:

Inntektene vart høgare enn budsjettert i revidert budsjett hovudsakleg pga. tilskot til gjennomføring av jubileumsseilas for Seljumannamesse 1000 år og deling av utgifter til Kystpilegrimskonferansen i Selje. Det var også inntekter frå sal av varer og overnatting i Selje prestegard. Tilskotet frå Vestland fylkeskommune var noko høgare enn budsjettert.

Selje, 14.02.2025

Tonje Ramse Trædal

Dagleg leiar





Rotur med Bakkejekta under "Pilegrimsvandring frå kross til kross" i Hyllestad.
(Foto: Alexander Rauboti)